

# Årsmelding Voss Næringsråd 2023

-handsama i styret 5. mars 2024

## Voss Næringsråd

Voss Næringsråd er ei foreining som har til føremål å samle næringslivet i Voss herad til å vere eit formelt høyringsorgan overfor offentlege styresmakter. Gjennom 2023 har det vorte gjennomført 5 møter i rådet. I tillegg har det vore gjennomført jamlege møter med Næringssef i Voss herad og Næringshagen (om lag 1 gong pr. månad), samt møte med ordførar og rådmann. Det er avtalt to årlege møtepunkt med ordførar og rådmann framover.

## Styret i Voss Næringsråd:

Narve Gjeraldstveit (leiar)  
Tonje Tvilde (nestleiar)  
Bjørnar Nedkvitne  
Berit Lunde  
Hedvig Røhnebæk  
Ståle Rørlien  
Willy Roger Jacobsen  
Steinar Karlsen  
Kjetil Tverberg  
Sigrid P. Nedkvitne

Styret arbeider på dugnad og i 2023 har ingen av medlemmene motteke godtgjersle for vervet.

## Økonomi

Sjå vedlagt årsrekneskap for 2023.

## Viktige saker i 2023

2023 har vore fyrste driftsår til Voss Næringsråd og naturleg nok har hovudvekta av rådet sin aktivitet vore retta mot etablering, herunder arbeid med nettside og rekruttering av medlemmer. Dette arbeidet vil naturleg nok halde fram inn i 2024. Målet er at så mange verksemder som mogleg i heradet er medlem av Voss Næringsråd.

I tillegg har næringsrådet arbeida med fylgjande saker:

- Høyringsvar til Voss herad sitt budsjett for 2024, samt økonomiplan for 2024-2027.
- Starta på arbeid med kartlegging av næringslivet sine rammevilkår med tanke på utspel overfor heradet
- Deltaking i Næringsalliansen Vestland. Utveksling av erfaringar, arbeidsmetodar og deling av utfordringar i alliansen har vore svært viktig i etableringa av Voss Næringsråd. At dei andre næringsråda deler av sitt gode og målretta arbeid har vore fruktbart for oss.
- Deltok på konferanse i regi av Næringsalliansen, på Voss 19.-20.10.23
- Oppnådd kontakt med Næringsalliansen og Bergen Næringsråd i samband med Aksjon for norsk eigarskap som vart stifta i Ålesund i mars.
- Leiar deltok i debatt-panel på Makroseminar 23.11.23

- Møte med ordførar og rådmann 19.12.23
- Etablert faste månadlege møter mellom leiar og nestleiar i Voss Næringsråd og Næringsjef i heradet
- Fleire av representantane har arbeida inn mot sin bransje; td. har ein oppretta dialog med Byggesak i heradet, samt bistått Huseigarlaget og Voss i Sentrum i samband med utviklinga av Vangen


Voss, 5. mars 2024

Narve Gjeraldstveit (leiar)




Bjørnar Nedkvitne

Hedvig Rønnebæk




Willy Roger Jacobsen


Kjetil Tverberg



Tonje Tvilde (nestleiar)



Berit Lunde




Ståle Rørlien



Steinar Karlsen



Sigrid P. Nedkvitne





# Document history

COMPLETED BY ALL:

07.03.2024 10:46

SENT BY OWNER:

Tonje Tvilde · 07.03.2024 08:32

DOCUMENT ID:

B1I4KakPTT

ENVELOPE ID:

SJxXY6yDap-B1I4KakPTT

DOCUMENT NAME:

Årsmelding 2024 - delvis signert.pdf

2 pages

ALL ATTACHMENTS APPROVED:

Årsmelding 2024 - delvis signert.pdf-pAdES-Hy4-C1vTp.pdf

Årsmelding 2024 - delvis signert.pdf-pAdES-HkB66kD6T.pdf

## Activity log

RECIPIENT	ACTION*	TIMESTAMP (CET)	METHOD	DETAILS
Bjørnar Nedkvitne voss@bondelag12.no	Signed Authenticated	07.03.2024 08:43 07.03.2024 08:40	eID Low	Norwegian BankID (DOB: 88/12/10) IP: 77.18.62.12
Willy Roger Jacobsen willyroger@vossakjot.no	Signed Authenticated	07.03.2024 10:46 07.03.2024 10:45	eID Low	Norwegian BankID (DOB: 52/10/02) IP: 158.248.40.88

\* Action describes both the signing and authentication performed by each recipient. Authentication refers to the ID method used to access the document.

## Custom events

No custom events related to this document

Verified ensures that the document has been signed according to the method stated above. Copies of signed documents are securely stored by Verified.

To review the signature validity, please open this PDF using Adobe Reader.



GDPR  
compliant



eIDAS  
standard



PAdES  
sealed